



Notat

Dato: 31.10.2014
Arkivsak: 2014/64-13
Saksbehandlar: torklin

Til: Samferdselsutvalet
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Oversendingsforslag - status og framdrift i arbeidet med KVVU for logistikknutepunkt i Bergensregionen

I møteprotokoll for fylkesutvalsmøte 24. september 2014 heiter det:

Silje Hjemdal ønskjer å verte orientert om prosessen knytt til Bergen hamn/ny godsterminal. Fylkesrådmannen opplyste at arbeidet med KVVU er starta opp for kort tid sidan, og at Hordaland fylkeskommune er med i styringsgruppa. Fylkesutvalet vil verte orientert på eit seinare møte.


Fylkesrådmannen sitt svar:

Regional plan for lokalisering av godshamn i Bergensområdet er inntil vidare sett på vent og erstatta av ein statleg KVVU-prosess der fylkeskommunen er sikra brei deltaking. Fylkesutvalet vedtok fylgjande i sak 106/2014:

1. Fylkesutvalet viser til Jernbaneverket sitt oppdrag frå Samferdselsdepartementet om å starta opp eit KVVU-arbeid for logistikknutepunkt i Bergensområdet. Fylkesutvalet ser at det vidare arbeidet kring framtidig lokalisering av godshamn for Bergensområdet vert best ivareteke gjennom denne prosessen. Fylkesutvalet legg til grunn at KVVU-organiseringa sikrar brei deltaking frå fylkeskommunen.

2. Fylkesutvalet slutthandsamar ikkje det reviderte planprogrammet for "Regional plan for framtidig lokalisering av godshamn i Bergensområdet" no. Prosessen med regional plan vert utsett til dei overordna føresetnadane for eit framtidig logistikknutepunkt og behovet for vidare planarbeid er avklara gjennom Jernbaneverket sin KVVU. Ei eventuell vidareføring av den regionale planen må vurderast på nytt mot slutten av KVVU-arbeidet.

KVVU-arbeidet er leia av Jernbaneverket og organisert på følgjande måte:



Hordaland fylkeskommune er gjennom sentrale posisjonar i styringsgruppa, konsultasjonsgruppa og prosjektgruppa sikra både politisk og administrativ deltaking.

Arbeidet vert styrt gjennom den etablerte metodikken for KVVU-arbeid, med avklåringar i høve til behov, mål, krav og konseptanalyse, før oppsummeringa i form av ei tilråding. Det har vore gjennomført to KVVU-verkstader med brei fylkeskommunal deltaking.

Til no er det arbeid grundig med prosjektutløysande behov, samfunns mål, effektmål og krav. Samfunns målet skal handsamast i Samferdselsdepartementet og vert endeleg fastsett innan årsskiftet. Fylkesrådmannen vil orientera samferdselsutvalet og fylkesutvalet så snart denne avklåringa er gjort. Jernbaneverket stiller seg også positive til å gje ei orientering i eitt eller fleire utvalsmøte.

Prosjektet vil no starte arbeidet med utvikling og analyse av ulike konsept. Fylkesrådmannen kan difor ikkje informera ytterlegare i høve til utforming og lokalisering av eit framtidig logistikknutepunkt.

Framdriftsplanen er stram, KVVU-rapport med tilråding skal ferdigstillast og oversendast Samferdselsdepartementet juli 2015, for så å sendast på høyring og KS1-handsaming hausten 2015. Regjeringsvedtak er venta tidleg i 2016.

Framdriftsplan:

Aktivitet	2014							2015											
	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sept	Okt	Nov	Des	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sept	Okt
Prosjektplan																			
Anskaffe konsulent																			
Kommunikasjonsplan																			
Fase 1: Kartlegging av behov og mål																			
Interessentanalyse																			
Behovsanalyse																			
Verksted 1																			
Målanalyse - strategidokument																			
Oversendelse SD																			
Fase 2: Krav- og konseptanalyse																			
Verksted 2																			
Kravanalyse																			
Konseptutvikling																			
Konseptanalyse																			
Logistikk- og kapasitetsanalyser																			
Transportmodellberegninger																			
Samfunnsøkonomiske analyser																			
Fase 3: Ferdigstillelse, høring og oversendelse																			
Ferdigstille rapport																			
Oversendelse til SD																			
Ekstern høring																			
KS1																			
Oversendelse SD																			

For ytterlegare informasjon, sjå KVVU-prosessen si eiga heimeside:

<http://www.jernbaneverket.no/no/Prosjekter/Utreddinger/Godsterminaler/KVVUGodsBergen/>